

- Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes [redaksjonen@tidsskriftet.no](mailto:redaksjonen@tidsskriftet.no)

## Ein klassikar i ny utgåve



John Gunnar Mæland  
**Forebyggende helsearbeid**  
 Folkehelsearbeid i teori og praksis. 4. utg.  
 245 s, ill. Oslo: Universitetsforlaget, 2016.  
 Pris NOK 459  
 ISBN 978-82-15-02616-9

Denne læreboka i førebyggjande helsearbeid kom ut første gongen i 1999. No er det den fjerde utgåva som kjem på marknaden. Det er ikkje så vanleg at norske lærebøker innanfor medisinske emne kjem ut gong etter gong. Det tilseier at vi etter kvart kan kalle boka ein klassikar.

Forfattaren gir ei innføring i det medisinske og helsefaglege grunnlaget for førebyggjande helsearbeid og korleis dette blir praktisert her til lands. Språket er folkeleg, men likevel så presist at faglege nyansar ikkje blir borte. Terminologien som blir brukt er gjennomtenkt og konsistent gjennom heile boka. Forfattaren presenterer grunnfjellet i folkehelsearbeidet på ein trygg måte, med godt ankerfeste i oppdatert fagkunnskap. Referansane er trauste og velprøvd, og viser såleis til litteratur som den ihuga lesaren kan gå til for å kome djupare inn i stoffet. Boka eignar seg derfor godt som ei lærebok i alle typar utdanninger der ein treng ein samlande innføringstekst i førebyggjande og helsefremjande arbeid.


Det er fint at forfattaren set det helsefremjande arbeidet inn i ei historisk ramme, men eg tykkjer at han er noko lettbeint når han skriv at Noreg fekk ein eigen lov om folkehelsearbeid så seint som i 2011, utan her å trekke fram sunnheitsloven frå 1860.

Forfattaren set stoffet inn i ein internasjonal samanheng. «Global burden of disease» blir forklart. Tusenårsmåla til FN blir kommenterte. Sjølv om dette skjer ganske kort, er det såpass presist at det er klårgjerande og nyttig for lesaren. Det er flott at forfattaren trekkjer inn menneskerettsspektert i folkehelsearbeidet. Her kunne eg ønskt meg noko meir konkrete tilvisingar, både til det normative rammeverket og relevant litteratur. Gentesting blir også omtalt, noko som er heilt på sin plass i vår tid, men dette avsnittet blir litt for generelt til at det er særlig nyttig.

Psykiske lidingar er fint omtala. Her er det ei grei drøfting av primær- og sekundærførebygging. Men eg saknar noko om sekundærførebygging i forhold til tidleg intervension. Avsnittet om psykiske lidingar hadde vore ein fin plass for å ta fram dette. Like eins burde tertiarførebygging blitt drøfta i lys av nyare trendar innanfor rehabilitering, t.d. kvardagsrehabilitering i kommunehelsenesta. Teori- og modellapparatet som Mæland presenterer, er som skapt for å få på plass både tidleg intervension og kvardagsrehabilitering i ein meir omfattande folkehelsemodell.

**Geir Sverre Braut**  
 Professor, Høgskulen på Vestlandet

## Overkommelig lærebok i indremedisin



Bo Baslund, Ulla Feldt-Rasmussen, Jens Kastrup et al, red.  
**Medicin**  
 2. utg. 1 147 s, tab, ill. København: FADL's Forlag, 2016. Pris DKK 1 400  
 ISBN 978-87-7749-725-4

*Medicin* er annen utgave av læreboken som kom ut første gang i 2012. Den må ikke forveksles med den danske tungvekteren *Medicinsk kompendium* som er dyptpløyende og detaljert og betydelig større. *Medicin* er laget med tanke på danske medisinstudenter og skal dekke det forventede læringsutbytte ved avsluttet studium. Nyutdannede leger er også en viktig målgruppe. Det er til sammen 116 bidragsytere, anerkjente leger og undervisere fra ti sykehus og de medisinske fakultetene i Århus, Odense og København.

Dansk er lett å lese, og kapitlene er lettleste. Boken er delt opp i 14 emner, som i hovedsak dekker indremedisinske grenspesialiteter, i tillegg til nevrologi, litt immunologi, akuttmedisin og klinisk onkologi. Hvert emne er inndelt i kapitler med presentasjon av sykdommer og med varierende fordypningsgrad.

Kapitlene om hjerte- og karsykdommer og endokrinologi er de mest omfattende, mens geriatri har fått svært beskjeden plass. Emnene har varierende detaljeringsgrad, noen med svært sjeldne tilstander, andre med liten plass for store folkesykdommer. Noen emner er svært gode, andre burde nok ha vært bedre gjennomgått når det gjelder innhold. Forebygging er generelt lite omtalt, med unntak av kapitlet om hjerte- og karsykdommer. Noen tilstander er dekket i flere kapitler, vinklet på litt ulike måter. Hyponatremi er omtalt i både delene om geriatri, akuttmedisin, endokrinologi og i klinisk onkologi – og kunne med fordel blitt samlet og heller tydelig referert til med sidetall i andre fagområder. Differensialdiagnostiske overveielser kommer stort i tabellarisk form basert på symptomer og funn. Utfordringer med samsyklighet er i liten grad diskutert, f.eks. i kapitlene om nyresykdommer og geriatri. Behandling omtales ved de fleste tilstandene uten for stor detaljeringsgrad.

Kvaliteten på kapitlene varierer ganske mye, men det er antagelig et resultat av mange forfattere med ulik stil.

Layouten kunne vært bedre. Tabellformatet varierer med ulike størrelse på fonter, andre tabeller tar veldig stor plass og går over mer enn én side, mens andre får liten plass. Faktaboksene har fint innhold, men dårlig kontrast (hvit skrift på grå bunn). Figurer varierer i størrelse og form. Det er liten konsistens i bruk av bildemateriale. Noen av illustrasjonene er flotte og supplerer teksten, mens andre virker mer tilfeldige. Referansebruken er varierende. Stikkordregisteret virker noe rotete, med enkelte feil, gjentagelser og utelateler. Det burde være lett å rydde opp i.

Dette er en god og nyttig lærebok for studenter for å få oversikt over indremedisin og nevrologi, ikke minst fordi den er overkommelig. De fleste kapitlene synes jeg er veldig bra, andre både kan og bør forbedres i neste utgave. Boken vil også være nyttig for nyutdannede leger, men de fleste vil se et behov for mer omfattende lærebøker i den videre spesialiseringen.

**Ingrid Os**  
 Studiedekan, Det medisinske fakultet  
 Universitetet i Oslo